
Saknr: 2020/45015-23
Saksbehandler Inger Lena Gåsemyr
Dato: 10.07.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering - Riksantikvaren kulturminnemynde - Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Hennøy plan id 1438.016.03 - Bremanger kommune

Sak om 2. gongs offentlig ettersyn av reguleringsplan for steinbrot på Aksla i Bremanger kommune, handsama i Fylkesutvalet den 28.05.2020, [PS 98/2020](#), vart oversendt Riksantikvaren 04.06.2020, då faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av konflikt med nasjonale kulturminneinteresser ikkje vart fylgt opp av politiske organ i Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen skal jf. underretningsplikta i [Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven](#) § 7-3, sende slike saker uavkorta til Riksantikvaren, som på sjølvstendig grunnlag kan fremja motsegn for å ivareta vesentlege regionale eller nasjonale verdiar. Riksantikvaren tek då over Vestland fylkeskommune sin rolle som kulturminnemynde i saka, inkludert skjønnsutøvinga i det planfaglege, vidare dialog med kommunen og eventuell mekling hjå Fylkesmannen i Vestland.

Riksantikvaren har avtalt synfaring med Bremanger kommune 20.08.2020 og fått utsett frist til å handsame saka til 11.09.2020.